



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for eldre
Møtestad	Fylkeshuset Leikanger
Møtedato	02.02.2016
Kl.	10:00 – 15:00

Faste medlemmer til stades: Harald Ekroll, Kristoffer Skjolden, Anna Sofia Skaar, Aud Karin Netland

Forfall til møtet: Henrik Oppen

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett: Paal Fosdal

Sekretariat for møtet: Anne-Kjersti S. Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Innmelding av ny sak – Utgreiingsrapporten «Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur»

Assisterande fylkesrådmann var med i starten av møtet og informerte om fylkeskommunen:

- Budsjett, inntektssystemet, lokale inntekter og føresetnader
- Politisk system
- Politisk organisering
- Rollefordeling
- «Viktige saker» og politiske saker
- Språkbruksplanen
- Dei politiske møta
- Fylkesrådet plukke ut saker som dei skal jobbe med i fireårs-perioden

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

Meldesak 1) Svar frå fylkeslegen på brev sendt frå eldrerådet i møte 28. oktober

I møte 28. oktober sende fylkesrådet brev til fylkeslegen der dei gjorde han merksam på at eldre har vorte avviste når dei tek opp meir enn eit sjukdomsbilete med fastlegen si. Fylkesmannen er kjend med at legekantora har ulike konsultasjonstilbod. Svar frå fylkesmannen er vedlagt.

Meldesak 2) Brev frå Akershus eldreråd

Akershus eldreråd har samanfatta eit brev med forslag til opplegg og regi for framtidige landskonferansar. Brevet er sendt til alle landet sin fylkeseldreråd.

Konklusjon: Tenke gjennom kva som er aktuelt av innspel til landskonferansen, til neste møte i april.

Meldesak 3) Uttale frå Hedmark fylkeseldreråd

Hedmark fylkeseldreråd støttar initiativa frå fylkesråda i Akershus, Nordland og Sør-Trøndelag om at det på landskonferansen som Oppland fylkeseldreråd skal arrangere sommaren 2016, vert avsett tid for å drøfte opplegg, regi og mandat for framtidige landskonferansar.

Konklusjon: Sjå konklusjon i meldesak 2

Meldesak 4) Vestlandssamlinga Sola 26. – 27. april

Fylkeseldrerådet i Rogaland har sendt invitasjon til Vestlandssamling på Sola Strand Hotel. Rogaland sender etter kvart informasjon og program. Er det saker som er aktuelle å melde inn til samlinga?

Konklusjon: Alle medlemmene i fylkesrådet møter, og medlemmene bestiller flybillett snarast for å få billige flybillettar. Aktuelle tema som vert meldt inn til Vestlandskonferanse:

- Diskusjon om framtida til landskonferansane, og uttalane frå dei andre fylkesråda. Lage ein felles uttale på Vestlandssamlinga
- Telemedisin

Meldesak 5) Temadag om telemedisin og velferdsteknologi

Helse Førde arrangerte 13. januar ein temadag om telemedisin og velferdsteknologi.

Harald og Anna Sofia var med på denne temadagen, der det var mykje interessant informasjon. Mykje av teknologien er allereie teke i bruk i Helse Førde. Dei tilsette er positive og brukarane er fornøgde. Sogn og Fjordane var det fyrste fylket som starta med dette, då dei starta opp i 2014.

Meldesak 6) Kurs eldrerådet i arbeid

Fagakademiet region Vest skal 11. februar ha kurs i eldrerådet sitt arbeid. Alle medlemmane i fylkesrådet er påmeldt kurset.

Meldesak 7) Kopi av brev frå eldrerådet i Luster, til NAV Luster

Eldrerådet i Luster har sendt brev til NAV Luster med fylgjande innhald: «Eldrerådet er kjende med at eldre og andre ikkje har fått hjelp på NAV til å fylla ut reiserekningar. Dei har m.a. vorte viste til ein pc og blitt nekta anna form forretteiing/hjelp. Det meiner Eldrerådet er for dårleg service for dei eldre. Mange har aldri hatt og brukt ei datamaskin før, og det kan vere vanskeleg for nokon både med synet og forstå kva teksten på skjemaet betyr. Eldrerådet ber om at NAV-Luster drøftar denne problemstillinga, og ynskjer gjerne ein tilbakemelding frå dykk».

Konklusjon: Sende over uttalen til NAV (fylket) med kopi til eldrerådet i Luster. Fylkesrådet for eldre viser til uttalen frå eldrerådet i Luster, og meiner at denne servicen burde NAV tilby til dei som ynskjer. Fylkesrådet ser at det er dei eldre som vert skadelidande, i og med at dei ikkje sender inn refusjonskrav.

Meldesak 8) Orientering om brukarutval

Det har vore brukarutval for Helse Vest og Helse Førde i fleire år. No vert det vurdert å opprette tilsvarande brukarutval i resten av landet. Informasjon v/ Harald Ekroll

Modellen som er brukt i Sogn og Fjordane er heilt unik, sidan det ikkje er noko fylke som har tilsvarande modell. No er dei andre fylka oppmoda av «nasjonalt nettverk for implementering av samhandlingsreforma» om å opprette tilsvarande brukarutval som er her i fylket.

Fylkesrådet ser at representasjonen for brukarutvalet i Helse Førde ikkje fylgjer same syklusen som valperioden for fylkesråda. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har representanten i brukarutvalet for perioden 2015 – 2016, og fylkesrådet for eldre har vararepresentant. Det vil seie at dei to som er representantar no, ikkje er medlem i dei to fylkesråda, og det vil bli sviakt i informasjonen mellom brukarutvalet og fylkesråda.

Det kan vere aktuelt at fylkesrådet og brukarutvalet arrangerer eit felles informasjonsmøte for kommunane.

Konklusjon: Leiaren i fylkesrådet tek kontakt med leiar i brukarutvalet for å høyre om det skal veljast nye personar for 2016 frå dei to fylkesråda. Om det er aktuelt å planlegge eit felles informasjonsmøte med kommunane der fylkesrådet og Helse Førde er arrangør. I tillegg tek leiaren kontakt med leiaren av KS for å sjekke ut korleis kommunen sin representant vert valt ut i brukarutvalet.

Meldesak 9) Morgondagens eldresenter

Samandrag frå Pensjonistforbundet, om forskingsresultata for korleis utvikle dagens eldresenter til å verte "Morgondagens eldresenter"

Konklusjonen i forskingsrapporten vart referert og teken til etterretning.

Meldesak 10) Invitasjon frå Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane

Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane skal ha årsmøte på Scandic Sunnfjord Hotel i Førde 14. – 15. mars, og inviterer leiar for fylkesrådet for eldre til dette møtet.

Konklusjon: Leiar og nestleiar møter i andre samanhengar på dette møtet, og difor møter Aud Karin som representant for fylkesrådet.

Meldesak 11) Ymse

Landskonferansen er 30. mai – 1. juni. Harald, Aud Karin, Anna Sofia og Kristoffer reiser, og ein prøver å samordne køyringa.

**SAK 1/16 Val av leiar og nestleiar i fylkesrådet for eldre i
perioden 2016 - 2019**

Endringsframlegg:

Det vart i møtet lagt fram forslag om Harald Ekroll som leiar, og Anna Sofia Skaar som nestleiar

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1. Harald Ekroll vart valt som leiar**
 - 2. Anna Sofia Skaar vart valt som nestleiar**
-

SAK 2/16 Møtedatoar 2016 - fylkesrådet for eldre

Flytting av møtedato vart gjort i møtet:

Oppsett møtedato 31. mai vert flytta til 26. april i samband med Vestlandssamlinga
Møtedato 22. november vert flytta til 25. november

Avrøysting:
Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Oppsett møtedato 31. mai vert flytta til 26. april i samband med Vestlandssamlinga
Møtedato 22. november vert flytta til 25. november

SAK 3/16 Elektroniske bussbilletter på ekspressbussar

Vedtak vart formulert i møtet:

Fylkesrådet er lite nøgd med ordninga av elektroniske bussbilletter på ekspressbussane. Det er ein del eldre som fortsatt ikkje har datapraksis. Vi meiner det framleis må vere høve til å kjøpe billetter på ekspressbussane, og dermed vere garantert plass. Samferdslemyndigheitene må ved utlysing av rutene, kunne stille krav til at ein får kjøpe billetter på alle bussar, og gjennom det vere garantert plass.

Uttalen sendast til nettbuss og samferdsleavdelinga, med kopi til eldrerådet i Luster og pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane.

Avrøysting:
Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet er lite nøgd med ordninga av elektroniske bussbilletter på ekspressbussane. Det er ein del eldre som fortsatt ikkje har datapraksis. Vi meiner det framleis må vere høve til å kjøpe billetter på ekspressbussane, og dermed vere garantert plass. Samferdslemyndigheitene må ved utlysing av rutene, kunne stille krav til at ein får kjøpe billetter på alle bussar, og gjennom det vere garantert plass.

Uttalen sendast til nettbuss og samferdsleavdelinga, med kopi til eldrerådet i Luster og pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane.

SAK 4/16 Skriv og meldingar 2. februar 2016 - Fylkesrådet for eldre

Frå sekretær låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.**

Avrøysting:
Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande**
 - 2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt inn under kvar meldesak.**
-

SAK 5/16 Oppgåvene til fylkesrådet for eldre og korleis fylkesrådet skal jobbe i perioden 2016 - 2019

Det vart diskutert følgjande i møtet:

- Korleis ynskjer fylkesrådet for eldre å jobbe i perioden 2015 – 2019?
- Kva skal syne att av arbeidet som fylkesrådet gjer i inneverande periode? Kva må fylkesrådet gjere av tiltak for å sitje att med eit synleg resultat i utgangen av 2019?
- Kva dialog skal fylkesrådet ha med kommunane i fylket og korleis skal denne dialogen gå føre seg?

Endringsframlegg:

Fylkesrådet fortset med fellesmøter i kommunane regionvis. Forma på møta og kva kommunar ein skal ha møta i, vert diskutert i neste møte.

Fylkesrådet arbeider vidare med idèen om eit fellesmøte saman med brukarutvalet for Helse Førde, med informasjon til kommunane i Sogn og Fjordane.

Sekretær sender over liste for saker som skal til politisk handsaming, slik at fylkesrådet ser kva saker som kan vere aktuelle å engasjere seg i, og gje uttale til.

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet fortset med fellesmøter i kommunane regionvis. Forma på møta og kva kommunar ein skal ha møta i, vert diskutert i neste møte.

Fylkesrådet arbeider vidare med idèen om eit fellesmøte saman med brukarutvalet for Helse Førde, med informasjon til kommunane i Sogn og Fjordane.

Sekretær sender over liste for saker som skal til politisk handsaming, slik at fylkesrådet ser kva saker som kan vere aktuelle å engasjere seg i, og gje uttale til.

**SAK 6/16 Uttale frå fylkesrådet for eldre til utgreiingsrapporten
"Tannhelsetenesta - ein framtidsretta klinikk- og
tenestestruktur"**

Uttalen vart skriven i møtet:

Fylkesrådet for eldre støttar opp om uttalen frå Pensjonistlaget i Selje og Stad, og Sogn og Fjordane pensjonistforbund.

Fylkesrådet for eldre vil på det sterkaste gå i mot forslaget om nedlegging av tannklinikkar. Samfunnsøkonomisk vil det vere lite å vinne på ei slik ordning.

Uttalen sendast til fylkesdirektør for tannhelse, med kopi til Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet for eldre støttar opp om uttalen frå Pensjonistlaget i Selje og Stad, og Sogn og Fjordane pensjonistforbund.

Fylkesrådet for eldre vil på det sterkaste gå i mot forslaget om nedlegging av tannklinikkar. Samfunnsøkonomisk vil det vere lite å vinne på ei slik ordning.

Uttalen sendast til fylkesdirektør for tannhelse, med kopi til Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane
